



Vår dato:

21.02.2024

Vår ref:

2024/1216

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Sissel Hol, 71 25 84 49

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Utlysing av midlar til prosjektskjønn og ordinære skjønnsmidlar for 2025

Statsforvaltaren inviterer kommunane i Møre og Romsdal til å søke på skjønnsmidlar for 2025. Ein del av skjønnsramma skal gå til fornying og utvikling i kommunane. Satsingsområda for 2025 står lista opp under *Prosjektskjønn/Fylkesløft*.

Statsforvaltaren tildeler kvart år skjønnsmidlar til kommunane og har ansvaret for å kome fram til ei god og rettferdig fordeling av skjønnsmidlane mellom kommunane i fylket.

Vi har som mål å tildele så mykje som mogleg av ramma på om lag 50 millionar kroner gjennom statsbudsjettet, slik at skjønnsmidlane til kommunane er kjent før det nye året startar.

Prosjektskjønn/Fylkesløft

Statsforvaltaren inviterer kommunane i Møre og Romsdal til å søkje om skjønnsmidlar til fornying og utvikling i kommunane, også kalla *Fylkesløft*, fordi vi ønskjer prosjekt som kan løfte alle kommunane i fylket.

Satsingsområda for året 2025, og dei nærmaste åra, blir å møte omstillingssbehovet i kommunane med mellom anna meir strukturerte interkommunale samarbeid. Interkommunalt samarbeid kan bidra til ei meir berekraftig og innovativ oppgåveløysing. Samtidig må arbeidet med å nå berekraftsmåla halde fram. Også det krev mange nye måtar å jobbe på.

Interkommunalt samarbeid

På oppdrag frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har NIVI Analyse kartlagt interkommunale samarbeid i fylket. Dei peiker på at det er eit veksande behov for samarbeid, og ein fastare struktur på samarbeida. I rapporten skriv Geir Vinsand i NIVI Analyse «...det formaliserte samarbeidet står fram som därleg strukturert og svakt utvikla på mange viktige tenesteområde. Dagens organisering står fram som sårbar og ikkje gjennomgåande dimensjonert ut i frå faglege kriteriar». Rapporten trekkjer fram 20 landbrukskontor, 27 kommunale planfunksjonar og 15 barnevernstjenester som tre eksempel.



Noreg har store og uløyste utfordringar knytt til berekraft. Omlegginga til ein meir sirkulær økonomi er krevjande for oss. Kommunane er sentrale aktørar! Vi treng auka innovasjon og handling, også i offentleg sektor. Vi ser at mange av kommunane i fylket får stadig strammare økonomi. Demografiske endringar krev dels store økonomiske og strukturelle endringar. Samtidig er det krevjande å få rekruttert rett kompetanse. Interkommunale samarbeid kan vere noko av løysinga her.

På bakgrunn av dette inviterer Statsforvaltaren i Møre og Romsdal kommunane til å søkje om prosjektskjønnsmidlar til å bygge opp meir strukturerte og berekraftig interkommunale samarbeid. Søknadar som er knytt til eitt av områda barnevern, IKT, landbrukskontor, regionale plankontor eller administrative støttefunksjonar (til dømes løn- og rekneskapsavdeling) vil bli prioritert. Nettverk for klimatilpasning kan også søke om prosjektskjønnsmidlar.

Interkommunalt samarbeid kan skje på fleire måtar. Kommunelova § 17-1 listar opp fleire former for interkommunalt samarbeid. Det kan skje til dømes gjennom eit kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak.

Til søknaden om prosjektskjønn er det ein føresetnad at det ligg ved ein godkjent **grunnavtale** frå dei kommunestyra som ønskjer å etablere eit meir strukturert interkommunalt samarbeid. Eit slikt vedtak kan sendast inn etter søknadsfristen.

For fleire detaljar rundt kvart område, viser vi til rapporten *Interkommunale samarbeid* utarbeidd av NIVI Analyse. [Oppmodar til meir strukturerte kommunesamarbeid | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal \(statsforvalteren.no\)](#)

Som underlag til Generalistkommuneutvalget sitt arbeid, lagde Menon ein rapport om lovoppfylling i norske kommunar. Her finn ein gode argument til politisk nivå om kvifor ein bør samarbeide meir med sine nabokommuner.

Søknadsprosedyre for Prosjektskjønn/Fylkesløft

Prosjektskjønn/Fylkesløft blir tildelt etter eigne retningsliner frå departementet. Søknadar som ikkje oppfyller vilkåra i retningslinene vil bli avslått.

Søknadskriteria:

- Det er berre kommunar som kan søke om midlar og stå som ansvarlege for prosjekta.
- Prosjekta skal skissere målsetting, metode og kva resultat ein vil oppnå.
- Søknaden må ha godkjenning frå kommunedirektør. Når det gjeld arbeid med å få til strukturerte interkommunale samarbeid, må kommunestyra gjere vedtak om ein grunnavtale som framtidige samarbeid skal bygge på. (Kan ettersendast.)
- Statsforvaltaren oppmodar om at kommunane samarbeider om felles prosjekt som inkluderer heile regionen.
- For å sikre kommunal prioritering, er det eit krav om minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering av prosjekta.
- Prosjektskjønnsmidlar kan ikkje tildelast oppgåver i ordinær drift eller gå til kjøp av utstyr.



Prosjekta kan gå over fleire år (maksimalt 3 år), men kommunane må søke for kvart år.

Kommunar som får midlar, må rekne med å bidra til å dele erfaringar frå prosjekta i ulike arena med andre kommunar.

Rapportering

Rapportering av prosjekta må gjerast i same portalen. For rapportering for prosjektskjønn for 2025 er det sett frist til 1. februar 2026.

Søknadar skal sendes gjennom prosjektskjønnportalen. For å ta i bruk søknadsportalen må det oppretta brukarkonto for kvar sokkarkommune. Lenke til nettsida prosjektskjønnportalen:
<https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no/>

Sjå nettsida vår under kommunal styring og kommunal fornying for meir informasjon.

Søknadsfrist for prosjektskjønn er 1. juni 2024.

Spørsmål knytt til Prosjektskjønn/Fylkesløft kan rettast til Maria Laingen, seniorrådgivar, tlf. 71 25 85 27 – maria.laingen@statsforvalteren.no

Ordinære skjønnsmidlar

Vi ønskjer innspel på vesentlege utgifter som kommunane ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskot. Innspela frå kommunane vil bli vurdert i forhold til mellom anna inntektssystemet og andre tilskotsordningar, og i høve til gjennomsnittlege utgifter knytt til innspelet for kommunane i fylket i den grad det lar seg gjere. Vi vil uansett vurdere følgande kriteria i tråd med praksis frå tidlegare år:

Språkdeling

Kommunar som må opprette eigne klassar som følgje av pålagt språkdeling, vil få kompensasjon. Vi nyttar tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) og har såleis ikkje behov for ytterlegare innspel om kommunen ikkje finn det naudsynt.

Barnevern

Vi nyttar allereie innsamla statistikk frå kommunane og kompenserer dei kommunane som har relativt mange barn under omsorg i høve til gjennomsnittet for fylket. Kommunane med mange barn under omsorg vil bli ivaretaken gjennom eksisterande rapportering. Om kommunen har synspunkt utover dette, kan det spelast inn.

Skyss av helsepersonell

Kommunar som har store utgifter knytt til transport av helsepersonell (til dømes med ambulansebåt) får kompensert ein del av dei ekstra utgiftene. Vi ber dei aktuelle kommunane sende inn dokumentasjon for slike utgifter.



Ressurskrevjande tenestemottakarar under 67 år

Kommunar som har høgare utgifter enn gjennomsnittet i fylket vil få kompensasjon. Vi nyttar rapporterte tal til Helsedirektorat i toppfinansieringsordninga.

Kommunar med færre enn 3200 innbyggjarar som har høge utgifter vil bli kompensert gjennom rammetilskotet.

Helseplattforma

Vi har tidlegare tildelt midlar til dei kommunane som har vedteke opsjon for innføring av Helseplattforma. Det blir no siste frist for gjenståande kommunar til å søkje om skjønnsmidlar til dette. Sluttdato er 30.6.2025, det vil seie at det er mogleg å få inntil 6 månader med regional innføringsleiar (RIL) etter oppstart/innføringstidspunkt.

Spesielle saker

Kommunane kan spele inn vesentlege utgifter som kommunen sjølv ikkje kan påverke. Desse kan vere av midlertidig karakter. Døme på saker vi har kompensert tidlegare år er flaum, skred og fleire liknande saker.

- Innspel om skjønnsmidlar kan sendast til sfmrpost@statsforvalteren.no
- Merk sendinga **2024/1216**
- Søknadsfristen for ordinære skjønnsmidlar er **seinast den 1. juni**

Kriseskjønn for 2024

Det er mogleg å søkje på kriseskjønn for uføresette hendingar og særskilte forhold i 2024. For å kvalifisere for kriseskjønn, må dei totale utgiftene til kommunen overstige 250 kroner per innbyggjar. Kommunen blir delvis kompensert om den kvalifiserer for kriseskjønn.

Søknadsfristen er seinast 1. september 2024.

Spørsmål knytt til ordinære skjønnsmidlar kan rettast til:

Sissel Hol, seniorrådgivar, tlf 71 25 84 49, sissel.hol@statsforvalteren.no

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Sissel Hol
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Mottakere:**

Sande kommune	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Vanylven kommune	Rådhusvegen 1	6143	FISKÅ
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sykylven kommune	Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Giske kommune	Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Vestnes kommune	Rådhuset Brugata 10	6390	VESTNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Gjemnes kommune	Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Fjord kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Haram kommune	Postboks 33	6282	BRATTVÅG
ÅLESUND KOMMUNE	Postboks 1521	6025	ÅLESUND